



NYE VOLDA KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Valstyret nye Volda kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia  
**Dato:** 04.04.2019  
**Tid:** 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 1/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/19	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 3/19	<b>Fastsetting av lokale fristar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019</b>

**PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2018/643
		Arkivkode:	033

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/19	Valstyret nye Volda kommune	04.04.2019

### FASTSETTING AV LOKALE FRISTAR VED KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019

#### Administrasjonen si tilråding:

1. *Frist til å søkje fritak frå listeframlegget vert sett til 24. april 2019.*
2. *Frist for at partiet kan bestille røystesetlar vert sett til 01.06.2019.*
3. *Frist for at partiet kan bestille manntal vert sett til 29.08.2019.*
4. *Søknadsfrist for ambulerande røystegiving vert sett til 3. september 2019, kl. 10.00.*
5. *Frist for å ikkje motta valet vert sett til 3 dagar etter at ein har fått melding om valet.*

#### Vedleggsliste:

Valgloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>

Valgforskriften: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-01-02-5>

#### Samandrag av saka:

I samband med gjennomføringa av kommunestyrevalet er det behov for å fastsette lokale fristar.

Fristar som valstyret skal sette er:

- Frist til å søkje om fritak frå listeforslag
- Frist for at partiet kan bestille røystesetlar
- Frist for at partiet kan bestille manntal
- Klagefrist for godkjente/forkasta listeforslag – regulert i lov § 6-8 valloven
- Søknadsfrist for ambulerande røystegiving

- Frist for å ikkje motta valet
- Klagefrist for valoppgjeret - regulert i valgloven § 13-2.

### **Saksopplysningar/fakta:**

#### Frist til å søkje om fritak frå listeforslag

I følgje vallova § 6-6 skal valstyret innan 1. juni valåret godkjenne innkomne listeframlegg. Valstyret skal underrette alle listekandidatane om at dei er oppsett på listeforslag og at det er høve til å søkje fritak. Dersom ein kandidat står oppført på fleire listeforslag til same val, skal det gis pålegg om å melde frå innan ein bestemt frist kva listeforslag vedkomande skal representere. Elles vert kandidaten oppsett på det listeforslaget som vart innlevert først.

Rådmannen rår at frist til å søkje fritak frå listeframlegget vert sett til 24. april 2019.

#### Frist for at partiet kan bestille røystesetlar

§ 21 i valgforskriften seier at den tillitsvalde kan, for eiga rekning, krevje å få det antall røystesetlar dei ønskjer, innanfor den frist som valstyret sett.

Kommunen har gjort avrop på røystesetlar med Andvord grafiske. Prosessen med trykking vil ta til når valstyret har godkjent listeframlegga, seinast 01. juni 2019. Fristen for partia til å bestille røystesetlar bør settast nær opp til denne fristen.

Rådmannen rår til at frist for å bestille røystesetlar vert sett til 01.06.2019.

#### Frist for at partiet kan bestille manntal

Valforskrifta § 3 gir alle parti som stiller liste ved valet rett til å få utlevert eit papirmanntal for valkretsen. Manntalet skal vere utan omkostningar for partiet. Dersom partiet ynskjer fleire sett med manntal, må dei sjølve ta kostnaden for trykking av ekstra manntal. Valstyret sett frist for krav om utlevering av papirmanntal.

Oppdatert manntal vil ligge føre etter skjæringsdato 30. juni. Manntal kan utleverast i tidsrommet frå 27.07.2019 til valdagen. Kommunen vil vere fleksible når det gjeld trykking av manntal.

Rådmannen rår til at fristen for å krevje opptrykking av manntal vert sett til 22. august 2019.

#### Klagefrist for godkjente/forkasta listeforslag

I følgje vallova § 6-8 kan godkjente listeforslag påklagast med krav om endring av valstyrets vedtak om å godkjenne eller forkaste eit listeforslag. Klaga må framsettast innan sju dagar etter offentleggjeringa av overskriftene på dei godkjente vallistene. Dersom klaga er grunngjeve i at einerett til eit partinamn er krenka, har også eit registrert politisk parti klagerett.

#### Søknadsfrist for ambulerande røystegiving

I følgje vallova 8-3 (6) kan veljarar som oppheld seg innanriks, og som på grunn av sjukdom eller uførheit ikkje kan avgi si stemme i helse- og omsorgsinstitusjonar eller ved ordinær førehandsrøysting søkje til valstyret om å få avgi førehandsstemme der dei oppheld seg. Det er valstyret sjølv som sett frist for når søknaden må ha kome inn til kommunen. Fristen må likevel fastsettast i tidsrommet innanfor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet. For kommunestyrevalet 2019 må fristen vere innanfor perioden 3. september og 6. september 2019.

Rådmannen rår til at fristen for å søkje om ambulerande røystegiving vert sett til kl. 10.00, 3. september 2019.

#### Frist for å ikkje motta valet

I følgje vallova § 3-4 kan ein krevje seg fritaken får val til kommunestyre ved å gi ei skrifteleg erklæring om at ein ikkje ønskjer å stille til val på den aktuelle vallista. Erklæringa må leggst fram innan den fristen som valstyret sett, elles taper ein retten til å strykast frå listeframlegget. Den som ikkje krev seg fritaken frå å stå på liste innan fristen, kan ikkje nekte å motta valet.

Rådmannen tilrår at frist for å ikkje motta valet, vert sett til tre dagar etter at ein har fått melding om valet.

#### Klagefrist for valoppgjeret

Valglova § 13-2 seier at alle som har stemmerett, kan klage på tilhøve i samband med førebuinga og gjennomføringa av fylkestingsvalet og kommunestyrevalet. Klaga må vere skriftleg og fremjast innan sju dagar etter at valoppgjeret er godkjent i fylkestinget eller kommunestyret.

Frist for å klage på valoppgjeret er regulert i lov og vert sett til sju dagar etter at valoppgjeret er godkjent i fylkestinget eller kommunestyret.

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Servicekontoret

Partia som har listeforslag i Volda